

Hordaland fylkeskommune
Kultur avdelinga
Postboks 7900
5020 Bergen

Dykkar ref.: 2014/323-266 (våren 2014)
2012 05133-663.6/DHER (hausten 2013)

RAPPORT

Utstilling i Galleri Puls i Norheimsund
**Hardingfelemakarane på Botnen
& Hardingfela i fotokunsten**

Beklage sein
rapportering. Men
har ikkje fått
klar rekneskap
for no, p.g. feil
med felelura.



Galleri Puls takkar for tilskotet hausten 2013 og våren 2014. Utstillinga er gjennomført.
Den opna til Hardingtonar den 12. juni og sto til 9. august 2014.

Den eine delen av utstillinga fortalde historia om "Felemakarane på Botnen"
ved hjelpe av foto, tekst, originale hardingfeler frå botnakarane, ei verktøykiste og ein video.

Fotoa var tatt av botnafelene som Hardanger folkemuseum har i si samling. Fotografen Lars
Arvid Oma tok opphavleg fotoa på oppdrag frå Hardingtonar i 2013. Desse fekk me fritt
bruke og me bestilte store kopiar av dei fleste me brukte i utstillinga.


Tekstane vart skreve av Audun Galtung som tidlegare har arbeidd med historia for Kvam herad, og av fagleg leiar på Hardanger folkemuseum, Agnete Sivertsen.

Hardingfeler fekk me låne frå Hardanger folkemuseum og frå to privatpersonar i Norheimsund.


Verktøykista til felemakaren Trond Isaksson Flatebø fekk me låna av eigaren av kista, Turid Alice Skjervheim, i Ytre Ålvik.

Video med eit kort føredrag av Audun Galtung vart vist i eit lite rom i galleriet.

Den andre delen viste hardingfela gjennom kunstfotografen sine auge.



Morten Golimo har gjort ein fabelaktig fotografisk serie med ei av felene på Hardanger folkemuseum. Golimo har Morten Krogvold som sin mentor. Utstillinga synte ei anna og uvanleg vinkling med harding fela som tema.



Silje Solvi viste 3 store foto på aluminium der ho tok utsnitt av hardingfelene til "Botnakarane".

Utstillinga vart opna av fagleg leiar på Hardanger folkemuseum, Agnete Sivertsen. Frank Rolland bidrog med spel på hardingfela.

Felemakar. Me prøvde å få tak i ein felemakar, men det viste seg å vera vanskeleg å få til då dei nærmaste var opptekne. Me hadde ikkje økonomi til å få ein langvegs frå.

Ope gjennom sommaren. To musikk- og kunststudentar delte på å vera vakt i utstilling gjennom sommaren. Me held ope frå onsdag – laurdag kl. 11 – 16.

Økonomi. Det viste seg å vera vanskeleg å fullfinansiera slik me hadde budsjettert. Me har difor gjennomført utstillinga med eit enklare og rimelager materiale. Og halde ei litt avgrensa opningstid gjennom sommaren.

Besøk. Det vart notert 310 besøkjande.

Det var stor oppslutning under Hardingtonar. Seinare på sommaren var det stille når sola skein, men publikum kom på gråversdagar.

Vidareføring Den historiske utstillinga har me overlete til Kvam herad, som vil visa den i foajeen i løpet av året.

Resultat

Utstillinga gjorde og til at ein eldre mann som vaks opp på Botnen tok kontakt med Hardingtonar og galleriet etter utstillingsbesøket. Han kunne fortelja fleire historia han kjende til om Botnakarane, og kunne visa viktige stader inne på Botnen. Hardingtonar, ved Geir Botnen, har fylgt opp denne kontakten.

Norheimsund 15. oktober 2014

Med venleg helsing



Solfrid Aksnes
for Galleri Puls
post@galleripuls.no
www.galleripuls.no

NB! Beklage sein rapportering. Det vart misforståing angående ein faktura og me har difor ikkje fått avslutta rekneskapet for utstillinga før no.